

Møteprotokoll for Ungdomsrådet

Møtedato: 20.04.2026
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: kl 15.00 - 17.00

Møtedeltakarar	Parti
Guro Søråas Vasshus	
Ida Solbakken	
Nora Margrethe Halgunset	
Vladyslava Storcheus	

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Einar Tostrup Basmo	

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Jone Gjuvsland	

Møtesekretær:
Magnus Skjefstad

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
005/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
006/26	Godkjenning av møteprotokoll	
007/26	Meldingar	
008/26	Skulemåltid	
009/26	Årsmelding 2025	
010/26	Demensvennleg samfunn - samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen	

005/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

20.04.2026 Ungdomsrådet

Handsaming:

Samrøystes

U - 005/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

006/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå førre møte vert godkjend slik han ligg føre.

20.04.2026 Ungdomsrådet

Handsaming:

Samrøystes

U - 006/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå førre møte vert godkjend slik han ligg føre.

007/26 Meldingar

Meldingane vert tekne til vitande jamfør kvart punkt.

20.04.2026 Ungdomsrådet

Handsaming:

ME 1: Arbeidssaker ungdomsråd

Samrøystes

U - 007/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande jamfør kvart punkt.

008/26 Skulemåltid

Kommunedirektøren si innstilling

Innføring av eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulen kan ha positive effektar for elevane og vera ei god ordning for å sikra mest mogleg like føresetnader for eit sunt kosthald. Det vil vera ei ordning som kan ha ei positiv effekt for folkehelsa. Ordninga krev større investeringar i personale, utstyr og bygg. Kommunedirektøren meiner difor at ei avgjerd knytt til innføring av eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulane må setjast på vent til ein har konkludert med

kva skulestruktur Suldal kommune skal ha i framtida, slik at ein kan prosjektera skulemåltidsordninga etter dette. Dette vil gi eit meir realistisk kostnadsbilete og legge føringar for praktisk gjennomføring av ordninga.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Til vitande.
Samrøystes.

RÅDF - 012/26 Vedtak:

Rådet tek saka til vitande.

20.04.2026 Ungdomsrådet

Handsaming:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt forslag til vedtak med kommentar

Kommentar:

Matsvinn må komma fram som ei fanesak i vidare utgreiing av saka om skulemåltid etter at barnehage-og skulestrukturen er landa.

Samrøystes

U - 008/26 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt forslag til vedtak med kommentar

009/26 Årsmelding 2025

Kommunedirektøren si innstilling

Årsmeldinga for 2025 vert vedteken slik den ligg føre, dagsett april 2026

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Grunna tekniske problem får me ikkje opp tekst, berre overskrifter. Har ikkje fått lese årsmeldinga.

RÅDF - 013/26 Vedtak:

Grunna tekniske problem får me ikkje opp tekst, berre overskrifter. Har ikkje fått lese årsmeldinga.

20.04.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 009/26 Vedtak:

Grunna tekniske problem får me ikkje opp tekst, berre overskrifter. Har ikkje fått lese årsmeldinga.

20.04.2026 Ungdomsrådet

Handsaming:

Samrøystes

U - 009/26 Vedtak:

Årsmeldinga for 2025 vert teken til vitande

010/26 Demensvennleg samfunn - samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunedirektøren innstiller på at Suldal kommune inngår samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Til vitande.

Samrøystes.

RÅDF - 011/26 Vedtak:

Rådet tek saka til vitande.

20.04.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 011/26 Vedtak:

Teke til vitande

20.04.2026 Ungdomsrådet

Handsaming:

Samrøystes

U - 010/26 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren si innstilling på at Suldal kommune inngår samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen.